



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
03.07.2015
Dykkar dato
21.05.2015

Vår referanse
2015/678 421.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale - 2. gongs avgrensa høring - Lindås - Kommunedelplan for Lindåsosane - Lurefjorden og Lygra

Me viser til oversending av 21.05.15 om 2. gongs høring av kommunedelplan for Lindåsosane og dialogmøte med Lindås kommune 02.07.2015.

Planens innhald

Planens mål er å synleggjere verdiar og legge rammer for korleis området kan utviklast vidare utan at det går ut over bereevna. Det er lagt vekt på å sikre landskapsverdiar og å leggje til rette for friluftsliv og oppleving for allmenta. Det er opna for mindre utvidingar av bustad-, fritidsbustad- og næringsområde samt utviding av småbåthamner. Planen er ute til andre gongs ettersyn og det er gjort nokre endringar i plankartet og føresegnene.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen var i hovudsak positiv til planen og endringane som er gjort, men me var kritisk til plasseringa av småbåthamn SBH5 ved Mikkelvågen på Kvalvågnes, gnr. 84 bnr. 4. Det er plan om ei flytebrygge som det er sett av 20 x 20 m til. Det skal setjast av eit areal på land i tillegg til båtplassane i sjø. Det er tillegg sett krav om at det må opparbeidast offentleg tilgjengeleg slipp og kano-/kajakkutsetting i området. Området er prega av svaberg og godt eigna for bading. Det ligg nokre naust litt nord for området og nokre små bryggjer litt sør for området, men strandsona der det er planlagt flytebryggje er så godt som urørt. På vestsida av Mikkelvågen ligg det statleg sikra friluftsområdet Kvalvågnes som vert rekna som svært viktig. Fylkesmannen hadde også nokre merknader til føresegnene. På bakgrunn av dette blei det avtalt eit dialogmøte med Lindås kommune.

Dialogmøte

Dialogmøtet blei halde den 02.07.2015 i Statens hus.

Frå Lindås kommune møtte:

- Astrid Aarhus Byrknes - ordførar
- Arnold Matre - plan- og utviklingssjef
- Julie Daling - rådgjevar planavdelinga

Frå Fylkesmannen i Hordaland møtte:

- Lars Sponheim - fylkesmann

- Egil Hauge, prosjektleiar - stab
- Arve Meidell, seksjonsleiar - KSA, plan og beredskap
- Hege Brekke Hellesøe - rådgjevar plan

Småbåthamna på Kvalvågnes

Lindås kommune fekk først presentere sine synspunkt og vurderingar. Dei la vekt på at hensikta med tiltaket var å få styrka friluftslivet med offentleg tilgjengeleg slipp og kano-/kajakktutsetting. Fylkesmannen meinte at det vil vere ein fordel om tiltaket blei flytta lengre inn i vågen til eit meir utbygd området. Kommunen framheva at dei allereie hadde vurdert denne løysinga, men at den var vanskeleg å få til. Forholdet er dermed diskutert og avklart.

Føresegnene

Fylkesmannen hadde også nokre få merknader til føresegnene.

I dei generelle føresegnene og retningsliner står det i punkt 1.12: *Eksisterande dokumentert lovlege bygg og anlegg i planområdet vert erstatta med tilsvarande bygg og anlegg med same funksjon og storleik.* Det er ikkje heimel for dette i pbl. § 11-9. Me blei samde om at denne setninga må takast ut av føresegna eller endrast slik at den er i tråd med pbl.

I punkt 4.15 står det mellom anna at *[p]å eksisterande bustadeigedomar kan det gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl. §20-2 bokstav a når samla utbygging er innafør dei grensene som er fastsett ovanfor.* Det var uklart for Fylkesmannen kva for nokre eigedomar det er snakk om. Kommunen forklarte at det var snakk om eigedomene i vedlegg A i føresegnene, og at dei skal klargjere dette.

I punkt 4.29 står det at *[i]SN4 kan det ikkje etablerast husvær til overnatting. Eventuelle eksisterande husvær kan heller ikkje nyttast til dette føremålet.* Fylkesmannen peikte på at det berre er lov til å planlegge for framtidige tiltak, så andre setning i punkt 4.29 må takast ut. Me blei samde om at den siste setninga skal takast vekk.

Konklusjon

Fylkesmannen oppfattar etter dialogmøtet at det er semje om at Lindås kommune gjer endringar i føresegnene slik det er nemnt i teksten over.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.